



Norconsult AS
Postboks 1199
5811 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3355 - 15/32412

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
17.11.2015

Søknad om mellombels utslepp - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 134/1 ,3, 6 og 7 Hilland

Kommunen stadfestar å ha motteke søknad om mellombels utvida utslepp den 16.09.2015

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig,
jf. Forureiningsforkrifta kap 13 § 13-4

Den mottekne søknaden er stort sett ei opplisting av forskrifta sine krav til søknad, utan at det er dokumentert konkret korleis krava skal oppfyllest, eller om reinsekrava er oppfylte i dagens anlegg . Det må gjerast greie for det som er i bruk og det som skal etablerast:

Reinsegrad:

Det må gjerast greie for kva reinsekrav anlegget oppfyller, § 13-8 a) eller b).

Det må gjerast greie for anlegget si dimensjonering og plassering, storleik på slamavskiljar og faktisk plassering av leidningen i sjø. Det må vidare dokumenterast korleis reinsekravet skal oppfyllest og prøvetaking skal gjennomførast, jf uttale frå fylkesmannen datert 19.10.2015.

Kart, lokalisering av utsleppsstad. Det er ikkje levert oversiktskart over heile området som er omfatta av søknaden. Lokal namnebruk for utsleppsstad er ikkje heilt presis, men i nærleiken av.

Brukarinteresser, vassforskrifta, naturmangfaldslova.

Utsleppet skal vurderast opp mot krava i vassforskrifta og naturmangfaldslova, jf uttalen frå fylkesmannen datert 19.10.2015. Det må gjerast greie for kva interesser som er i området (t.d. friluftliv, naturtypar eller andre brukarinteresser) og korleis det auka utsleppet påverkar desse.

Nabovarsel/høyring. Det er opplyst at søknaden skal sendast på høyring. Det er ikkje stadfesta at varsling er utført, anna enn ved annonse. Vi har fått kopi av to uttalar men ingen tilbakemelding frå søkar om innkomne merknader eller kommentarar til desse.

Tidsperspektiv

Der er søkt om mellombels utviding av utslepp, utan at det er sagt noko om kva tid det permanente anlegget skal byggast ut. Det må gjerast greie for kva tid utsleppet skal overførast til permanent avløpsanlegg.

Signatur

Søknaden er ikkje signert av anleggseigar. Dette må rettast ved ved at signatur vert påført søknadsskjema, eller ved skriftleg fullmakt.

Eigedomsforhold

Eksisterande slamavskiljar, utsleppsleidningen og landarealet ved utsleppsstaden ved Vestretangen er i dag privateigd. Det må gjerast greie for avtalar om kommunal overtaking.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av forureiningsforkrifta § 13-5. Fristen er normalt 6 veker og vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming. Fristen gjeld ikkje ved søknad om unntak frå standardkrava i forskrifta, ifølgje Miljøkommune.no si rettleiing til søknadsskjema.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 15.12.2015**

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune

Her

Mottakarar:
Norconsult AS

Postboks 1199 5811

BERGEN